



Sigbjørn Røysland og kona Sandra med litt av årets første fangst.

**Sundag starta fiskesesongen i Uskedalselva og opninga var svært lovande, opplyser oppsynsmann Arne Terje Haugland. Eitt par frå Seimsfoss fekk full klaff like etter midnatt:**

Sigbjørn Røysland fekk ein sjøaure på 2,1 kilo, og like etter fekk kona Sandra fått ein laks på 3,8 kilo. Sundag vart det ein ny fangst på dei - Sigbjørn fekk ein sjøaure på 1,3 kilo.

Dei to første fiskane vart teke i Wangshølen, som er den siste svingen på elva før Skulebrua og den tredje vart fanga like ved.

- Fiskane var fine og feite, fortel Sigbjørn til uskedalen.no.

Det var opptil 10 fiskarar nedafor Djupehølen denne første fiskenatta, opplyser Haugland.

Han har også nokre gode råd no ved fiskestarten:

- Ha alltid begge fiskekort med under fisket, la dei ikkje liggja att heime eller i bilen. Hvis korta ikkje er med under fisket, må ein ut med eit gebyr på 1.000 kroner.
- Meld frå til uskedalen.no om fangstar så snart som mogeleg, eller send inn bilete av fiskar, fangt og fangstreiskap.
- Kjøp fiskekort på SPAR, bensinstasjonen eller Rabben. Årskortet kostar 1.000 kroner og døgncortet 225 kroner – medrekna depositum på 500 og 100.

Av Ola Matti Mathisen